

Slitasje som problem – slitasje som kvalitet

Av Odd Inge Vistad, Østlandsforskning

Foredrag på FRIFOs forskingskonferanse "Forskning i friluft",
Stjørdal 18-19 november 1998

Først litt om tittelen på foredraget og det tvetydige ordet 'kvalitet':

- i daglegtale er det oftast nytta om noko positivt – og såleis som ei motvekt til 'problem'
- det kjem av det latinske *qualitas*, som tyder 'eigenskap': "det at noko er slik eller slik" (for å sitere nynorskordboka) – altså eit nøytralt beskrivande ord.

Foredraget kunne difor godt ha heitt berre: "Slitasje som kvalitet" – og det ville femne både det negative og positive. For det er nemleg poenget her.

Innleiing

Dei siste åra har både miljøforvaltninga og ymse media fokusert mykje på miljøkonsekvensar knytt til friluftsliv og naturbasert turisme. Synspunkta svingar frå "... ingen problem" til at "... naturen er i ferd med å bli øydelagt". Øystein Dahle var i innleiingsforedraget i går inne på slitasje i høve til friluftsliv: Han meinte at gjengroing av stiar er eit større problem enn stislitasje – gjengroinga er eit symptom på at færre brukar skog og mark og difor negativt, slitasje er eit teikn på aktivt friluftsliv og difor positivt. Frå naturvernside får derimot slitasje og annan miljøpåverknad oftast eit negativt stempel. Slitasje er ikkje eit enkelt tema med enkle svar. Slitasje bør ikkje utløyse forvaltningsinnsats med éi standardløysing!

Eg skal ta utgangspunkt i det nøytrale og beskrivande ved å slå fast at: All bruk av naturen set spor. Men det er ikkje alle spor som er like tydelege. Eit fotspor i tinande tundra kan stå like klart i mange tiår, eit fotspor på svaberg kan knapt registrerast med dei finaste instrument. Likevel kan trakkslitasje vere ein trussel mot bergkunst (helleristningar). Det er ei forskingsoppgåve å studere ulike typar bruk i ulike miljø for å finne samanhengar mellom bruk og tilhøyrande effektar på natur- eller kulturmiljøet. Vistad et al. (1996) summerer noko av kunnskapen på det feltet. Slik kunnskap er viktig i forvaltninga av bruk, slitasje og miljø – for før eller seinare kjem det gjerne spørsmål som: Kva slag bruk er akseptabel? Kor mykje og kva slag påverknad vil vi akseptere? Kva er tolegrensa, i ei samla vurdering av ulike verne- eller forvaltningsmål for eit visst område?

For å takle slike problemstillingar må ein ha kunnskap om effektar av ulike tiltak. Men slike spørsmål går dessutan over i det politiske og verdilada; det blir ofte snakk om å prioritere mellom ulike interesser.

Nasjonalparkane våre har eit såkalla dobbelt vernemål. Dei er primært oppretta for å verne natur, men dei skal og gje høve til friluftsliv og naturoppleving i tråd med

allemannsrettane og friluftsløva (Odelstingsproposisjon nr. 65 (1968-69)). Dvs. at parkforvaltninga er i eit kronisk (men sjeldan akutt) dilemma, i balanseringa av bruk og vern.

Men vi kan like gjerne sjå utover nasjonalparkane, på friluftsområde meir generelt. Friluftsliv er eit prioritert samfunnsfelt (Stortingsmelding nr 58 (1996-97)), og natur- og kulturopplevinga står sentralt i friluftslivet. Dersom det er slik at desse opplevingskvalitetane kan bli nedslitne eller påverka av friluftslivet eller anna naturbruk, så er alle friluftsområde i det same konstante dilemma som nasjonalparkane. Jfr. det førre innlegget til Torfinn Evensen og det arbeidet som DNT (1998) no har gjort i Rondane: Sikring av miljøkvalitetar står sentralt – både i høve til opplevingsbehov i friluftslivet og i høve til naturverninteresser. Eit slikt arbeid kunne ha vore gjort i kva naturområde som helst, der det er friluftaktivitet.

Men er det slik at slitasje er berre negativt?

Eg har nemnt argumentet med slitasje som ein indikator på eit aktivt friluftsliv: Så lenge friluftsliv er bra, så er slitasje bra. Men poenget her blir vel helst at slitasje er eit "nødvendig og uunngåeleg onde". Men det finst også meir udiskutable positive sider ved slitasje. Stiar og leirplassar er synlege uttrykk for ei brukshistorie. Det kan vere eit prioritert mål å taka vare på og vidareføre delar av brukshistoria, der også fysiske kjenneteikn skal hegnast om – som eit tiltak i kulturminnevernet. Slitasje kan vere eit slikt positivt kjenneteikn. Vi hugsar alle det sterke og positive fokuset på Pilegrimsleden i Kulturminnevernåret. Kanskje kan den synlege stien eller leirplassen også vere positive landskapselement i friluftslivet.

Poenget er dette:

Spørsmål kring miljøpåverknad og tolegrense kan ikkje svarast ved berre å stille spørsmål til naturvitarar eller ved å auke mengda naturfaglege registreringar for å finne dei såkalla "naturens tolegrensar". Det finst også andre former for tolegrensar – kanskje til og med preferansar – knytt til slitasje.

Eit forskingsprosjekt på slitasje

Østlandsforskning har i eit par år arbeidd med eit forskingsprosjektet i Femundsmarka og i kanopadlingsområdet Fjorda. Det er Noregs Forskingsråd (Utmarksprogrammet) som finansierer prosjektet, og fokus er på leirplassar – i form av både slitasje, oppleving og trivsel.

Kunnskap om korleis ulike brukargrupper reagerer på terrengslitasje er viktig for forvaltninga. Den vil gje eit betre vurderingsgrunnlag for å bestemme kva slag og kva omfang av påverknad som er problematisk. I visse område vil forvaltninga etterkvart gå inn og reparere slitasjeskadar og fastsetje grenser for såkalla "akseptabel påverknad" – utifrå faglege, opplevingsmessige og verdimessege prioriteringar. Dette er på sett og vis ein "unorsk" forvaltningspraksis, men det finst alt døme på at slikt er gjort – t.d. i Fjorda.

Studieområde og studieopplegg

Studieområda er Femundsmarka nasjonalpark (Sør-Trøndelag og Hedmark) og kanopadlingsområdet Fjorda i Oppland. Dette er to område som er nokså like naturgeografisk (vatn og furuskog) og i visse bruksformer (padling og fiske). Men dei er ulike når det gjeld andre sider ved bruken (tilgang, storleik og brukartettleik) og ikkje minst så har dei ulik forvaltning. Femundsmarka er verna etter naturvernlova (statleg ansvar), medan Fjorda blir forvalta etter plan- og bygningslova (kommunalt ansvar).

For å få tak i brukarane av dei to områda gjorde vi intervju i Femundsmarka sommaren 1997 og i Fjorda sommaren 1998 (vel 300 intervju på kvar plass, i løpet av juli og august). Hovudmålet med prosjektet er å byggje opp kunnskap for betre å handtere bereevne-problemet i forvaltninga av verne- og friluftslivsområde. Prosjektet vil bli dokumentert i Vistad og Kaltenborn (in prep.).

Bilet-analyse – leirplassoppleving

For å få ei betre forståing av toleransen – og kanskje til og med preferansen – for terrengslitasje knytt til leirplassar, nytta vi fotos i kombinasjon med spørjeundersøkinga.

På bakgrunn av tidlegare undersøkingar (m.a. Vistad 1995) visste vi at personlege interesser og haldningar verkar sterkt inn på opplevinga av slitasje. Her ville vi prøve å gripe sterkare tak i terrengslitasje som eit relativt fenomen. Korleis verkar "mental tilstand" inn på opplevinga av eit visuelt bilete?

Kva legg vi så i "mental tilstand"? Svært mange situasjonar eller objekt kan ha ulik meining – for ein og same person – avhengig av variasjonar i både ytre og indre omstende. Eit måltid kan ein t.d. sjå på som kaloriar og næring, men ein og sjå på det som ei smaks- og synsoppleving. Klede har ein verne- og varmfunksjon, men dei har og ei estetisk side. Og det same kan gjelde for leirplassar: Ein leirplass er ei slette i naturen som er meir eller mindre påverka og nedsliten, men det er også ei slette der ein skal plassere telt, hygge seg, lage mat og sove godt. Spelar slitasje den same "opplevingsrolla" i høve til desse to ulike "mentale tilstandane"?

Vi dela difor utvalet i kvart studieområde i to. Halve utvalet svara på korleis dei opplevde lokaliteten på kvart bilete utifrå graden av terrengslitasje. Den andre halvparten skulle markere korleis dei opplevde lokaliteten på kvart bilete utifrå om dei såg ein triveleg leirplass eller ikkje. For båe underutvala nytta vi den same 7-delte svarskaalen for å rangere korleis dei opplevde kvart bilete. Skåreverdiane gjekk frå *svært negativt* (= 1), via *'nøytralt'* (= 4) og til *svært positivt* (= 7) – jfr. **figurane 1 og 2**. Vi har nytta i alt 16 bilete (i A4-format) av faktiske eller moglege leirplassar. Undersøkinga i Femundsmarka framstilte bileta som om dei synte lokalitetar i ein nasjonalpark. I Fjorda vart dei same bileta framstilt som om dei kom frå i eit friluftsområde.

Foreløpige funn

Eg kan ikkje gå i detalj her, men syner til hovudrapporten for prosjektet som er under utarbeiding (Vistad & Kaltenborn in prep.). Der blir også dei aktuelle bileta presenterte.

Om innleiingsteksten til bileta fokuserer på triveleg leirplass eller på påverka/nedsliten natur gjev stort utslag på opplevinga av bileta. For 10 av i dei 16 bileta i Femundsmarka-materialet (**figur 1**), og 9 av 16 i Fjordamaterialet (**figur 2**) var det signifikant skilnad i korleis dei to underutvala rangerte bileta. Om ein fokuserer på nasjonalpark eller på friluftsområde i introduksjonsteksten til bileta gjev mindre utslag på opplevinga – signifikant skilnad mellom områda for 4 av dei 16 bileta.

Vi nytta faktoranalyse for å avdekkje eventuelle skjulte dimensjonar i måten brukarane vurderte fotomaterialet. Det er denne faktoranalysen som har gjeve rekkefølga på bileta i **figurane 1 og 2**. Analysen avdekte fire dimensjonar (faktorar) som kjem fram gjennom dei fire "klyngene" av bilete i dei to figurane (faktorane 1 til 4 frå venstre mot høgre).

Dei avdekte dimensjonane kan karakteriserast som følgjer:


- 1) Naturpreg (bileta 8, 16, 4, 3 og 1). Bileta som ladar høgt på denne faktoren syner liten eller ingen slitasjepåverknad. Dei syner skogdominerte miljø, og med lite eller ingenting av teknisk innretningar.
- 2) Store flater med omfattande slitasje (bileta 12, 15, 11, 9 og 14).
- 3) Lokalitetar med byggverk / fysiske konstruksjonar (store bålplassar, sitjestokkar, gapahukar) – bileta 5, 13 og 6.
- 4) Innslag av vatn, strandliner og moderat slitne sletter (bileta 2, 7 og 10).

Det er faktorane 1 og 4 som syner den klaraste skilnaden mellom dei to utvala. Dei som skulle velje seg ein leirplass, rangerte lokalitetar (bilete) utan spor etter tidlegare leirslaging (dimensjon 1) negativt, medan dei som skulle vurdere utifrå slitasjepåverknad (rimelegvis) rangerte desse lokalitetane positivt.


Lokalitetane med markant innslag av vatn, strandline og moderat slitne sletter (dimensjon 4) vart høgt verdsett av både gruppene, men høgast blant dei som skulle velje seg leirplass.

Leirplassane med fysiske konstruksjonar (bål, stokkar, skjul) - dimensjon 3 - vart lågt verdsett av både gruppene, og det var ingen skilnad i måten dei to utvala vurderte bileta.

Dei 5 bileta som synte dei mest omfattande påverknadane (dimensjon 2) fekk svært variable vurderingar (særleg i Femundsmarka) – sannsynlegvis sterkt påverka av andre element i biletet enn slitasjen. Det ser t.d. ut til at innslag av vatn og strandliner har ein tendens til å "overkøyre" slitasjeinnslaget – også for dei var bedne om å vurdere slitasjen - slik at lokaliteten får ei relativt positiv rangering.



Figur 1 Biletoppleving i Femundsmarka. Bileta 8, 16, 4, 3, 1, 12, 15, 11, 2 og 7 syner signifikant skilnad mellom dei to underutvala.



Figur 2 Biletoppleving i Fjorda. . Bileta 8, 16, 4, 3, 12, 11, 9, 2 og 7 syner signifikant skilnad mellom dei to underutvala.

Foreløpig oppsummering

- Moderat slitasje blir positivt vurdert av alle brukarane
- For dei som skal velje seg leirplass ser det ut til at visse synlege spor etter tidlegare bruk er ein føresetnad for ei positiv vurdering.
- Omfattande slitasje gjev gjennomgåande negativ vurdering.
- Vatn og strandliner ser ut til å "overkøyre" til og med omfattande slitasje, altså at sterk slitasje ser ut til å bli "oversett" når det er særleg attraktive landskapselement til stades på leirplassen.
- Fysiske konstruksjonar (benkar, gapahuk, store bålringar) på leirplassen skal ein vere forsiktig med: Dei gjev fort negative vurderingar.

Dette er funn og vurderingar som er knytte til dei to aktuelle geografiske områda og dei kategoriar brukarar som søker til slike område. Resultata kan ikkje utan vidare overførast til t.d. bynære strøk eller til kyststrøk, men det er verdt å merke seg dei likearta mønstra i resultata frå dei to områda.

Litteratur

Den Norske Turistforening (DNT)1998. *DNTs virksomhet i forhold til naturens tålegrenser*. Oslo

Odelstingsproposisjon nr. 65 (1968-69). *Om lov om naturvern*. Oslo: Kommunal- og arbeidsdepartementet.

Stortingsmelding nr 58 (1996-97) *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida*. Oslo: Miljøverndepartementet

Vistad, Odd Inge 1995. *I skogen og i skolten. Ein analyse av friluftsliv, miljøoppleving, påverknad og forvaltning i Femundsmarka, med jamføringar til Rogen og Långfjället*. Dr. polit avhandling. Trondheim: Geografisk Institutt

Vistad, O. I. & Kaltenborn, B. P. in prep. *Slitasje i verne – og friluftsområde. Om indikatorar og overvaking, trivsel og tolegrenser*. ØF- Rapport, Lillehammer: Østlandsforskning.

Vistad, Odd Inge, Bjørn P. Kaltenborn og Øystein Aas 1996. *Miljøkonsekvensar av friluftsliv*. Rapport nr. 02. Lillehammer: Østlandsforskning